

PLANSTRATEGI FOR SYKKYLVEN KOMMUNE

2017-2020

Vedtatt Sykkylven kommunestyre
20.03.2017



INNHALD

1	INNLEIING	3
2	RAMMER FOR DEN KOMMUNALE PLANSTRATEGIEN	3
2.1	KOMMUNALE MÅL	3
2.2	REGIONALE PLANAR	4
2.3	NASJONALE FORVENTINGAR	5
3	PLANSTATUS 2016	6
4	UTFORDRINGAR.....	7
4.1	Kommuneøkonomi.....	7
4.2	Folketalsutvikling.....	7
4.3	Næringsliv.....	8
4.4	Regionalt samarbeid.....	8
4.5	Klima, energi og miljøutfordringar - grønt skifte.....	9
4.6	Samordna areal- og transportplanlegging.....	9
4.7	Samfunnssikkerheit og beredskap	10
5	VURDERING AV PLANBEHOV	11
6	PRIORITERTE PLANOPPGÅVER 2017-2020	16

1 INNLEIING

Gjennom planstrategien skal kommunestyre avklare kva planoppgåver som skal prioriterast i komande valperiode. Planstrategien skal bygge på ei vurdering av viktige utfordringar, vedtekne målsettingar og tilgjengelege ressursar. Krav om utarbeiding av planstrategi er nedfelt i plan- og bygningslova § 10-1.

Kommunestyret vedtok oppstart av arbeidet med kommunal planstrategi 30.03.2016, , sak 14/16. Oppstart vart kunngjort i avis og på kommunen si heimeside.

På grunn av usikkerhet kring utfallet av kommunereforma, vart arbeidet med planstrategien sett på vent til hausten 2016.

Einingane i kommunen har bidrege med oversikt over gjeldande planar, og kome med innspel til strategien. Planstrategien har og vore drøfta i dei politiske utvala før utforming av endeleg forslag.

Kommunen deltar i eit interkommunalt arbeid på Sunnmøre der ein ser på felles behov for regionale planar.

2 RAMMER FOR DEN KOMMUNALE PLANSTRATEGIEN

2.1 KOMMUNALE MÅL

Overordna målsettingar er nedfelt i Skaparglede – Samfunnsplan for Sykkylven 2011-2026.

Gjennom samfunnsplanen har Sykkylven drøfta kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling i åra framover.




Sykkylven vil

- vere ein kommune alle forbind med skaparglede. Vi skal gjere skaparglede til ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skape trivsel, sosiale og friske menneske som meistarar eigen kvardag.
- vere ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet.
- vere eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov.
- skape gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell.
- bygge stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida.

2.2 REGIONALE PLANAR

2.3.1 Fylkesplan

Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for regionalt samarbeid, regional utvikling og regional planlegging i dialog med kommunar og andre offentlege, frivillige og private aktørar. Fylkesplanen er arena for samarbeid om langsiktig og strategisk planlegging i regionen. Forslag til ny fylkesplan vart lagt ut til høyring i juni 2016. Figuren under syner prioriteringar og satsingsområde i planforslaget:



2.3.2 Regionale delplanar

Regionale delplanar er grunnlag for lokale prioriteringar og tiltak. Nokre sentrale er nemnte. Oversikten her er ikkje fullstendig.

Regional delplan for attraktive byar og tettstader vart vedteken i fylkestinget juni 2015 og erstattar fylkesdelplan for senterstruktur frå 2004. Planen er primært innretta mot regulering av detaljhandel, jamfør Rikspolitiske bestemmingar om kjøpesenter. Her er likevel underliggende mål

om attraktive tettstader, jamfør også nasjonale forventingar. Dette inneber fokus på kommunesentra og utviklinga av desse, men ikkje minst også på korleis ulike tettstader fungerer saman i ein regional samanheng.

Funksjonsdeling mellom ulike tettstader bør vere ein del av denne diskusjonen, uavhengig av kommunegrenser. Dette gjeld både innan kommunen og mellom kommunane. Delplanen opnar også for at fylkeskommunen skal ta nærare initiativ med sikte på samordna areal- og transportplanlegging i nært samarbeid med byregionane.

Regional delplan for kulturminne vart også vedteken i juni 2015. Denne fastslår kriterium for kva kulturminne som har regional og nasjonal verdi, og listar opp ei rekkje slike kulturminne i alle kommunane. Desse kulturminna/-miljøa må sikrast i det kommunale

planverket. Mange kommunar har motteke tilskot frå Riksantikvaren til eigne kulturminneplanar. Desse må innarbeidast i kommuneplan etter kvart.

Regional delplan for klima og energi vart vedteken i juni 2015. Denne bygger på tidlegare klimaplan og vidarefører målet om 10 % reduksjon av utslepp i fylket i 2020. Planen har elles meir konkrete mål knytt til ei rekkje ulike sektorar. Felles for alle er at kommunane må medverke for å nå måla. Samanheng med kommunale klima- og energiplanar er derfor viktig.

Regional delplan for folkehelse (2013) gir viktige rammer for lokalt folkehelsearbeid.

2.3 NASJONALE FORVENTINGAR

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 12 juni 2015 nedfelt "Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging". Regjeringa har tre hovudsatsingar dei peikar på som nødvendig for kommunar og regionar å følge opp:

2.2.1 Gode og effektive planprosessar

Regjeringa er tydeleg på at tidsbruken i prosessar skal ned, men samstundes at viktige samfunnsinteresser må sikrast. Det kommunale sjølvstyret skal utvidast, men dette legg også eit større ansvar på kommunen for nettopp å sikre viktige nasjonale og regionale interesser. Det betyr større fokus på tidleg medverknad og tidlege avklaringar, mellom anna gjennom overordna planverk og i regionalt planforum. Regjeringa føreset at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til planbehandling, til føreseielege prosessar i kommunen og til å oppdatere det overordna planverket.

Det er vidare ei forventning om at arbeidet med dei kommunale planstrategiane vert sett i samanheng med kommunereforma. Uavhengig av kva resultat reforma gir, vil samarbeidet med nabokommunane om planstrategiprosessen og kommunereform vere integrert.

2.2.2 Berekraftig areal- og samfunnsutvikling

Forventingsområdet har nær samanheng med internasjonale klimamål og det "grøne skiftet". Transportsektoren står bak ein vesentleg del av klimagassutslepp, og det er teke til orde for å nytte sterkare verkemiddel enn før for å effektivisere transport, mellom anna gjennom meir målretta lokalisering av buområde, arbeidsplassar og transportårer. Også



verknadene av klimaendringar må takast større omsyn til og førebyggast. Analyser av risiko og sårbarheit må ligge til grunn.

I dette bildet må leggest til rette areal for utvikling av ny og eksisterande næringsverksemd både på land og på sjø, inkludert landbruk og havbruk. Meir samordna arealplanlegging skal også medverke til å sikre natur-, kultur-, landskaps- og landbruksverdiar, samt areal til rekreasjon og friluftsliv.

2.2.3 Attraktive og klimavenlege by- og tettstodområde

Byar og tettstader på alle nivå har potensiale for betre klima- og miljøløysingar. Oftast vil dette også medverke positivt til betre folkehelse, større trivsel og betre levekår.

Betre tilrettelegging for kollektivtrafikk, gange og sykling er eitt av momenta, og tett utnytting av areal kring kollektivaksar og knutepunkt eit anna. Fortetting og transformasjon av område som allereie er utbygd må prioriterast framfor å legge beslag på nye areal.

3 PLANSTATUS 2016

Planstrategien frå 2011 gav ein oversikt over eksisterande planar og behov for rullering eller nye. I ettertid ser ein at strategien var ambisiøs. Mykje er gjennomført, men nokre

prosessar tok lengre tid, og nokre er av ulike grunnar ikkje starta opp. Kapasitet er ein viktig årsak, men behovet kan også ha endra seg.

Status etter 4 år går fram av figuren under:

PLANSTRATEGI SYKKYLVEN 2012-15		Planlagte planoppgåver i valperioden				Status 2016
NAMN PÅ PLAN	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015	
KOMMUNEPLAN						
Samfunnsplan	2011					
Kommuneplan Arealdel	1989	Rullering				Vedtak 2013
KOMMUNEDELPLANAR						
Helse- og omsorgsplan	2012					
Kommunedelplan for idrett og friluftsliv	2012				Rullering	Vedtak 2015
Kommunedelplan utvida sentrum	2010					
Kommunedelplan Straumgjerde	2003				Rullering	Planforslag til 1.høyring
Kommunedelplan Nyæterområdet						Vedtak 2014
TEMA- og SEKTORPLANAR						
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2012				Rullering	Vedtak 2015
Ungdomssatsing - eldsjelstrategi	2003		Rullering			Ikkje igangsett
Rehabiliteringsplan	2001		Rullering			Ikkje igangsett
Bustadsosial handlingsplan			NY			Vedtak 2016
Skulestruktur	2010					
Plan for barnehagesektoren	2008	Rullering				Ikkje igangsett
Trafikktryggingssplan	2001				Rullering	Ikkje igangsett
Gang- og sykkelvegstrategi			NY			Oppstart 2013. Utsett
Landbruksplan	2004			NY		Vedtak 2016
Næringsplan	1997			NY		Oppstart haust 2016
Energi- og klimaplan	2010					
Hovudplan avløp	2012	Rullering				Vedtak 2012
Hovudplan vassforsyning	1998		Rullering			Under arbeid, vedtak 2017
Kulturminneplan					NY	Ikkje igangsett
ÅRLEGE PLANPROSESSAR						
Økonomiplan 2012- 2015						Årleg
Årsbudsjett 2012						Årleg
Årsmelding						Årleg
BEREDSKAP						
Beredskapsplan jfr. Sivilbeskyttelseslova § 15						Årleg
ROS-analyse, jfr. Sivilbeskyttelseslova § 14	2010		Rullering			Rullert 2015
REGULERINGSPLANAR						
Aure Sentrum	1973		NY			Vedtak 2016
PLANGRUNNLAG						
Biologisk Mangfald	2011					
Kjerneområde Landbruk	2007					
Barnetrakkregistrering	2004		NY			Ny i 2014
Strandsonekartlegging					NY	Ikkje igangsett
Folkehelse-status (Folkehelseslova § 5)			NY			Folkehelseinstituttet

4 UTFORDRINGAR

Innanfor eit fire-års perspektiv er dei mest nærliggande lokale utfordringane for Sykkylven kommune knytt til:

Kommuneøkonomi
Folketalsutvikling
Arbeid - næringsliv
Regionalt samarbeid

I eit større perspektiv har kommunen til liks med regionen utfordringar knytt til attraktivitet, omstilling, etablering av kompetansearbeidsplassar, klimautfordringar, «det grønne skiftet» med meir.

4.1 Kommuneøkonomi

Endra rammevilkår gjer at Sykkylven kommune får reduserte overføringer frå staten dei neste fire åra. På omlegging av basistilskotet taper kommune isolert sett ca 5 millionar pr år.

Endringar i alderssamansetting, justeringar i kostnadsnøklar og vekting som ligg til grunn for rammetilskotet, vil auke dette tapet med 3 millionar pr år i 2017 og ytterlegare 3 millionar i 2018.


Kommunen ynskjer å oppretthalde og vidareutvikle eit godt tenestetilbod. Endra økonomiske rammer gjer dette utfordrande.

Figuren under syner reduksjon i rammetilskot frå 2016 til 2017.

	År 2017	År 2016
Rammetilskot		
Rammetilskot før endringar	-230 679 000	-219 924 000
Nytt basistilskot/Ny innretting	5 106 000	
Nye nøklar (demografi)	2 092 000	
Nye sektorvekter	1 341 000	
Sum	-222 140 000	-219 924 000
Samla reduksjon	8 539 000	

4.2 Folketalsutvikling

Folketalet i Sykkylven har vist jamn men svak vekst siste 10-året. Veksten har i auka grad blitt avhengig av innvandring. Prognose frå 2000 til 2035 viser ei utflating av veksten og større avhengighet av innvandring for å oppretthalde innbyggartalet.



Folketalsutvikling 2000 – 2035. Kjelde SSB

Blå og grøn søyle viser folketal utan innflytting. Gul og oransje med innflytting.

Mange arbeidsinnvandrarar har lågare terskel for å flytte ut igjen dersom føresetnadene for tilflyttinga ikkje lenger er til stades.

Alderssamansettinga endrar seg slik at innbyggjarane i kommunen blir stadig eldre. Framtidig vekst kjem i aldersgruppene frå 67 år og oppover, medan det blir færre i yngre aldersgrupper.

Den demografiske endringa får direkte økonomiske verknadar gjennom endra tenestebehov og endra rammeoverføringar. Utviklinga betyr også store utfordringar for næringslivet og kommunen i å rekruttere ny arbeidskraft etter kvart som dagens arbeidstakarar vert pensjonistar.

Forventa folketalsendring går fram av figuren under:

	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030
0-1 år	165	158	146	144	144	148	154
2-5 år	348	325	332	320	319	300	312
6-15 år	1024	1012	975	973	943	858	787
16-22 år	699	710	733	740	740	675	644
23-66 år	4234	4229	4200	4176	4148	4069	3989
67-79 år	807	844	888	926	970	1110	1135
80-89 år	315	291	294	288	289	340	488
90 år +	83	87	82	84	93	92	91
SUM	7675	7656	7650	7651	7646	7592	7600

Folketalsframskrivning Kjelde: SSB

4.3 Næringsliv

Sykkylven kommune arbeidsplassdekning på 93,2%, under fylkessnittet på 96,4%.

Kommunen ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. Andelen kommunale arbeidsplassar ligg under fylkessnittet. Kommunen har høgare pendlingstal enn fylkessnittet. Over 500 personar pendlar ut av kommunen og over 400 pendlar inn. Størst pendlarstraum går til/frå Ålesund (330/193), med til/frå Stranda som nest største (102/113).

Kommune har låg arbeidsløyse, 1,6% av arbeidsstyrken (okt 2016) mot 3% for fylket og 2,8% for landet. Den relative auken i heilt arbeidsledige siste året har vore vesentleg høgare enn for fylket og landet.

Kommunen har ein eksportretta industri som er konjunkturavhengig og påverkeleg av svingingar i verdsøkonomien. Høg bransjespesialisering og høg hjørnesteinsfaktor gjer at kommunen vert rekna som næringsmessig sårbar.

Utfordringar er knytt til å skaffe kompetent arbeidskraft til dagens næringsliv, til å etablere eit breiare arbeidsmarknad med større innslag av kompetansearbeidsplassar, i tråd med den generelle utviklinga i fylket og til å etablere nye arbeidsplassar/nye næringar.

I 2016 er det utvikla ein ny Forskings- og Innovasjonsstrategi for næringslivet i Møre og Romsdal. Strategien tar utgangspunkt i omstillingsbehov, auka innovasjonstakt, redusert oljeaktivitet og det grønne skiftet. Strategien identifiserer berekraft, mogleggjerande teknologi, også kalla den fjerde industrielle revolusjonen, og kommersialisering/nye forretningsmodellar som viktige drivarar for utviklinga framover. Lokalt næringsarbeid må knytast opp til den regionale strategien.

Næringslivet lokalt har peika på betre kommunikasjonar som eit svært viktig vilkår for vekst og utvikling. Vidare er gode rammevilkår og tilgang på areal sentral. Næringslivet peikar også på behovet for å utvikle nye næringar, ha gode skuletilbod, barnehagedekning og andre tilhøve som gjer ein stad attraktiv å bu.

4.4 Regionalt samarbeid

Sykkylven er ein integrert del i Ålesundsregionen. Pendlingsmønster, arbeidsmarknad, handel, kultur viser at regionen er viktig for Sykkylven, og at Sykkylven også utgjør ein viktig del av denne kvardagsregionen.

Sykkylven kommune har vedtatt å halde fram som eigen kommune. Det får direkte økonomiske konsekvensar gjennom endringar i inntektssystemet. Basistilskotet (13,2 millionar pr kommune i 2016) vert endra der halvparten vert fast beløp pr kommune og den andre halvparten vert differensiert. Sykkylven kommune vil tape ca 5 millionar pr år på denne endringa isolert sett.

Kommunereforma har bidratt til auka fokus på samhandling. Det synes rimeleg klart at fleire oppgåver i framtida må løysast i fellesskap innanfor større områder enn dagens kommunestruktur tilseier. Dette er knytt til auka krav til kommunale tenester, tilgang til funksjonar det ikkje er naturleg å ha i kommunen, tilgang til fagkompetanse og regional attraktivitet.

Kommunesamanslåing blant naboar vil medføre reforhandling av interkommunale samarbeidsavtalar. Dette er nedfelt i utarbeida intensjonsavtalar. Kva verknad det kan få å seie for Sykkylven kommune er uråd å seie noko om no.

4.5 Klima, energi og miljøutfordringar - grønt skifte

Noreg har forplikta seg til å kutte utslepp av klimagassar med 40 % innan 2030, samanlikna med 1990.

I regional delplan har fylkestinget som mål at utsleppa av klimagassar i Møre og Romsdal innan 2020 skal reduserast med meir enn 10 % frå 2009.

Kommunane har ei sentral rolle i klimaarbeidet. Det er påvist at kommunane kan påverke omlag tjue prosent av klimagassutsleppa i Noreg.

Sykkylven kommune vedtok klima- og energiplan i 2010. Det er viktig at planen vert følgt opp, og vert oppdatert i forhold til nye nasjonale mål.

Jamfør klima og energiplanen er sentrale utfordringar for Sykkylven kommune knytt til overgang til miljøvennlege transportløyser, energibruk, gjenvinning, mm.

Klimaendringar med endra nedbørsmønster og flaumfare er ei sentral utfordring. Bratt terreng og flaumvassdrag skaper utfordrande situasjonar for eksisterande bebyggelse og legg føringar for lokalisering av nye byggeareal. I 2015 fekk Sykkylven ny kartlegging av skredutsette områder (NVE). Kommunen har oppdaterte oppskyllingshøgder frå ras i Åkneset, og nye stormfloberekningar inkludert forventa havnivåstigning til bruk i plan- og byggesaker.

4.6 Samordna areal- og transportplanlegging

Utviklinga viser at dei mest attraktive regionane er knytt til dei største byane, og regionutvikling må bygge på den vekstkrafta som ligg i det urbane. For å skape urbanitet må arealressursar og transportressursar samorganiserast med sikte nettopp på dette.

Omsynet til klima og forureining gjer at det er nødvendig å fange mest mogleg av dagens og komande transportbehov i reisemiddel som er mindre forureinande og bedre organisert. Avstand mellom og romleg organisering av ulike funksjonar er nøkkelfaktor, noko som berre kan løysast gjennom god arealplanlegging.

Av økonomiske årsaker er det nødvendig å bygge opp under dagens system for kollektiv transport på ein slik måte at det er forsvarleg å oppretthalde tilboda. Dette kan berre gjerast

gjennom å lokalisere meir aktivitet inn mot knutepunkt og traséar.

Omsynet til naturmangfald, rekreasjon og naturens bereevne vil gjere det nødvendig å nytte allereie nedbygd areal på ein meir effektiv måte. Kvar enkelt sitt fotavtrykk i naturen må reduserast.

4.7 Samfunnssikkerheit og beredskap

Heilskapleg ROS viser risikoområde som vert lagt til grunn for beredskapsplanverket for Sykkylven.

Naturbaserte hendingar som flaum, skred og konsekvensar av uver søkjer kommunen å førebu seg til å møte gjennom overordna beredskapsplan og vidare planar for varslings-, evakuering og psykososial omsorg.

Likeeins hendingar som går på farlege utslepp frå t.d industriverksemder og trafikkhendingar på land og i fjorden.

Eit særskildt risikomoment er eit mogleg fjellskred frå Åkneset i Storfjorden, med påfølgjande flodbølge som vil råke kommunane langs Storfjorden. Her er kommunen sitt aktørplanverk for samfunnskonskvensar og for flytting av kommunale verksemder ein del av planhierarkiet med nasjonal beredskapsplan for fjellskred som overordna plan. Planane her er under arbeid (jan 2017).

Sentralt i tiltaka er befolkningsvarslings som vert løyst på ulike måtar. Eit eige interkommunalt selskap utfører arbeidet på vegne av dei ansvarlege kommunane.

5 VURDERING AV PLANBEHOV

Planar skal fungere som styringsverky i kommunen. Auka krav til grunnlagsdokumentasjon, medverknadsprosessar og planframstilling gjer at både planprosessane og sjølv plandokumenta er blitt meir omfattande. I høve både økonomi og bemanning må ein ha ei realistisk vurdering av plankapasiteten i åra framover.

Det er ei utfordring å framstille enkle planar for kompliserte problemstillingar. Kommunen er oppteken av at kommunale planar også skal vere eigna til kommunikasjon av vedteken politikk. Administrasjonen vil arbeide for at planane skal vere enklast mogleg å sette seg inn i og forstå.

Vurdering av planbehovet tar utgangspunkt dagens utfordringar og i vedtekne målsettingar for Sykkylven kommune (Samfunnsplan 2011).

Høgare krav til effektivitet og fagleg kvalitet gjer at ein må vurdere nøye behov og moglegheiter for planarbeidet framover.

I framlegg til planstrategi vert det ut frå vurdering av behov og kapasitet, tilrådd rullering av eit avgrensa tal planar i perioden.

Det vert samtidig peika på eit behov for å operasjonalisere dei planane vi har. Korleis klarer vi å gjere gode målsettingar om til handling? Overordna planar må førast ned til tiltak. Tiltak må evaluerast. Korleis måler vi at vi styrer etter vedtekne planar?

Omfattande planarbeid skal gi effektar. Då må vi i større grad konkretisere og synleggjere samanheng mellom handling og mål.

Samordning av ulike planar er også eit området kommune bør fokusere på. Stort planmangfald aukar risiko for intern overlapping og moglegheit for motstrid mellom ulike planar. Dette svekker planane sin verdi som gode styringsverky.

Auka fokus på regionale oppgåver og regional samordning er eit anna punkt som bør få auka fokus.

I tabellen under er gjeldande planar lista opp og kommentert. Under tiltak er det ført opp tidspunkt for utarbeiding (nye) eller rullering (eksisterande).

PLAN	VURDERING	TILTAK	ANSVAR
SAMFUNNSPLAN - SKAPARGLEDE			
Samfunnsplan 2011-2025 Vedtatt 2011	Samfunnsplanen er ein overordna plan som peikar ut mål og retning. Planen er utarbeida på grunnlag av utfordringar og moglegheiter for kommunen. Situasjonen for Sykkylven kommune er i stor grad same no som då samfunnsplanen vart utarbeida. Utfordringar knytt til folketal og alderssamansetting har auka. Planen vert vurdert som framleis relevant, og i tråd med dagens utfordringar. Ikkje rullering i planperioden.	Ikkje rullering	Rådmann
AREALPLANAR			
Kommuneplan – Arealdelen 2013-2025 Vedtatt 2013	Planen dekker heile kommunen inklusiv sjøareala, utanom sentrum/Ikornnes, Straumgjerde og områda kring Nysætervatnet. Desse områda er dekkja av eigne delplanar. Planen er relativt ny, og utforma i tråd med gjeldande plan- og bygningslov. Vurdert å vere dekkande jamfør dagens utfordringar. Ikkje rullering i planperioden.	Ikkje rullering	Teknisk
Kommunedelplan for utvida sentrum Vedtatt 2010	Planen er laga etter gamal plan- og bygningslov, og er ikkje samordna med kommuneplanen når det gjeld føresegner og retningslinjer. Det vert foreslått å rullere planen i løpet av perioden.	Rullering 2017	Teknisk
Kommunedelplan for Straumgjerde Vedtatt 2003	Planen er under rullering. Første høyring desember 2016. Vedtak ferdig plan i 2017.	Rullering 2017	Teknisk
Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet Vedtatt 2014	Ny plan som vert vurdert å vere dekkande for planområdet i planperioden. Planen gir overordna rammer for arealbruken, legg til rette for ny hyttebygging og sikrar viktige friluft- og naturverdiar. Oppfølging av plan er knytt til detaljreguleringar av hytteområder. Ikkje rullering i planperioden.	Ikkje rullering	Teknisk

Planstrategi Sykkylven kommune 2017-2020

PLAN	VURDERING	TILTAK	ANSVAR
TEMAPLANAR			
Skuleeigarstrategi	Overordna strategi for innhald og drift i skulen.	Ny plan 2017	Skule
Rammeplan for barnehage Vedtatt 2012	Staten har varsla ny nasjonal rammeplan for barnehage hausten 2017. Rullering av eksisterande plan blir vurdert etter dette.	Rullering 2018	Barnehage
Helse og omsorgsplan 2012-2020 Kommunedelplan Vedtatt 2012	Overordna plan for helse—og omsorgssektoren. Planen vart vedtatt med tidshorisont til 2020. Ikkje behov for gjennomgåande endringar. Hovudvekt på oppfølging og realisering. Oppdatering i forhold til nye statlege føringar. Nærings- og utviklingsutvalet tok til orde for rullering i 2018. Ut frå kapasitet og behov, vert det foreslått å starte rullering i 2019.	Rullering 2019	Helse og omsorg
Plan for legetenesta Vedtatt 2015	Planen forutset rullering saman med helse- og omsorgsplan.	Rullering 2019	Helse og omsorg
Handlingsplan for LHBT	Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT). Levekårsutvalet bad om at det vert starta arbeide med ein slik handlingsplan i løpet av 2017.	Ny plan 2017	Helse og omsorg
Rusmiddelpolitisk handlingsplan Vedtatt 2016	Ny plan, ikkje behov for rullering i perioden.	Ikkje rullering	Helse og omsorg
Rehabiliteringsplan Vedtatt 2001	Inngår i helse- og omsorgsplan med ulike tiltak. Vert ikkje foreslått som eigen temaplan	Ikkje rullering	Helse og omsorg
Bustadsosial handlingsplan Vedtatt 2016	Ny plan, ikkje behov for rullering i perioden.	Ikkje rullering	Helse og omsorg
Folkehelseplan	Helse og omsorgsplan peikar på eit særskilt behov for utarbeiding av ein samla folkehelseplan. Folkehelse er eit sentralt satsingsområde, og vil lokalt kunne få store verknadar for framtidig tenestebehov. Det bør settast av midlar i budsjettssamanheng til planarbeidet. Første del av planarbeidet må vere utarbeidng av folkehelseoversikt, jamfør krav i Folkehelselova. Kommunen stettar ikkje dette kravet i dag.	Ny plan 2019 Folkehelse-oversikt 2017	Kultur/Helse

Planstrategi Sykkylven kommune 2017-2020

PLAN	VURDERING	TILTAK	ANSVAR
Ungdomssatsing Vedtatt 2003	Var ført opp i 2013. Er ikkje starta opp grunna redusert kapasitet på kultursektoren. Levekårutvalet ynskjer at Ungdomssatsing vert tatt inn i planperioden. Det bør settast av midlar i budsjettssamanheng til planarbeidet.	Rullering 2018	Kultur/Helse
Kulturminneplan	Riksantikvaren oppmodar alle kommunane om å utarbeide ein oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, og lage ein plan for forvaltning av desse. Fylkeskommunen har følgd opp med økonomisk tilskot til kommunale planprosessar. Grunna manglande kapasitet er ikkje planarbeidet gjennomført i Sykkylven. Kulturkontoret planlegg oppstart i 2017.	Ny plan 2017	Kultur
Idrett og friluftslivsplan Vedtatt 2012	Plan for utbygging av idrettsanlegg og friluftslivstiltak. Tradisjonelt hovudvekt på idrettsanlegg. Ut frå kunnskap om effekt for folkehelse bør enkle tiltak for friluftsliv vektleggast meir. Kultursektoren har rutine for årleg rullering av handlingsdelen, som føresetnad for spelemiddelfinansiering. Hovudrullering kvart 4.år, planlagt 2017. Neste i 2020.	Rullering 2017	Kultur
Trafikktryggingssplan Vedtatt 2001 Gang- og sykkelstrategi	G-/S-startegi var vurdert som ei spissa rullering av trafikktryggingssplan. Arbeidet med gang- og sykkelstrategi vart starta opp i 2013, men stoppa opp grunna manglande kapasitet. Kommunestyret har gjort vedtak om at Sykkylven skal bli ein pilotkomune for sykkelbruk. Det er ikkje definert nærare kva som skal ligge i begrepet. Gjenopptaking bør knytast til trygg skuleveg. Midlar til planarbeidet må vurderast i samband med budsjett for 2018.	Rullering 2018	Teknisk/Skule
Landbruksplan Vedtatt 2016	Ny plan. Ikkje rulleringsbehov i planperioden. Samordning med ny næringsplan.	Ikkje rullering	Teknisk
Energi og klimaplan Vedtatt 2010	Utarbeida som del av eit fellesprosjekt i sunnmørsregionen. Behov for rullering vert sett opp i 2019. Må tilpassast mogleg regionalt samarbeid om energi, klima og transport-planlegging.	Rullering 2019	Teknisk
Næringsplan Vedtatt 1997	Planlagt oppstart 2014. Ikkje oppstart grunna manglande kapasitet. Ny plan vert foreslått i 2017.	Rullering 2017	Sykkylven Næringsutvikling

Planstrategi Sykkylven kommune 2017-2020

PLAN	VURDERING	TILTAK	ANSVAR
Hovudplan vassforsyning Vedtatt 1994	Driftsansvar er tillagt Sykkylven Energi. Rullering er under arbeid. Planlagt slutføring i løpet av 2017.	Rullering 2017	Sykkylven Energi
Hovudplan avløp Vedtatt 2012	Driftsansvar er tillagt Sykkylven Energi. Rulleringsbehov vert oppgitt til 2017/18.	Rullering 2017	Sykkylven Energi
BEREDSKAPSPLANAR			
Beredskapsplan	Planverk jfr. Sivilbeskyttelseslova §15. Årleg rullering	Årleg	Rådmann
ROS-analyse Oppdatert 2015	Sivilbeskyttelseslova §14. Behov for oppdatering blir vurdert løpande i samband med beredskapsarbeidet. Analysa er oppdatert i samsvar med gjeldande risikobilde.		Rådmann
Smittevernplan Vedtatt 2013	Lovpålagt planoppgåve, jfr. Smittevernloven § 7-2 (kommunelegens oppgåver)	Rullering 2017	Kommunelege
Helseberedskapsplan Vedtatt 2013	Kommunen pliktar å utarbeide ein beredskapsplan for lovpålagte helse- og omsorgstenestene eller sosialtenester. (Helseberedskapslova § 2-2) Kommunen skal også utarbeide beredskapsplan for oppgåvene sine etter folkehelseslova kapittel 3.	Rullering2017	Kommunelege
ÅRLEGE PLANPROSESSAR			
Årsbudsjett		Årleg	Rådmann
Økonomiplan		Årleg	Rådmann
Årsmelding		Årleg	Rådmann

6 PRIORITERTE PLANOPPGÅVER 2017-2020

	2017	2018	2019	2020	Ansvarleg
Skuleeigarstrategi	■	■			Skule
Barnehageplan		■	■		Barnehage
Helse- og omsorgsplan			■	■	Helse og omsorg
Plan for legetenesta			■	■	Helse og omsorg
Folkehelseplan		■	■		Kultur/Helse
Handlingsplan mot diskriminering av LHBT	■	■			Helse og omsorg
Ungdomssatsing			■	■	Kultur/Helse
Frivilligmelding		■	■		Må avklarast *
Kulturminneplan	■	■			Kultur
Idrett og friluftslivsplan	■	■			Kultur
Smittevernplan	■	■			Kommunelegen
Helseberedskapsplan	■	■			Kommunelegen
Trafikktryggingssplan		■	■		Teknisk
KDP Straumgerde	■				Teknisk
KDP Utvida sentrumsområde		■	■		Teknisk
Energi og klimaplan				■	Teknisk
Næringsplan	■	■			SNU
Hovudplan vassforsyning	■	■			Sykkylven Energi
Hovudplan avløp		■	■		Sykkylven Energi
Rehabiliteringsplan					Helse og omsorg
Løypeplan for Fjellsætra		■	■	■	Teknisk/kultur
Landbruksplan		■	■		Teknsik/landbruk

*Frivilligmelding vart tatt inn etter formannskapet si handsaming 28.12.2016. Tverrsektorielt tiltak der prosessansvar ikkje er avklart.

Årlege planprosessar - årsbudsjett, økonomiplan, årsmelding, beredskap, kjem i tillegg.

Særskilde innsatsområde:

-Iverksetting av vedtekne planar, vidareutvikle målesystem for oppfølging og rapportering.

-Samordning av planar

-Regionalt plansamarbeid

- Strategisk næringsplan

- Samordna areal og transportplan.

PS 16/17 Kommunal planstrategi 2017-2020

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 20.03.2017

Behandlingsinformasjon:
Saka vart drøfta.

Odd Jostein (SP) la fram slikt tilleggspunkt til formannskapetets tilråding:
Kommunestyret ber om ein eigen løypeplan på Fjellsætra for skiløyper og alpintrasear med oppstart innan 2017/2018. Løypeplanen skal vere ein kommunedelplan etter krav i Plan- og bygningslova.

Arbeidarpartiet v/ Erik Kursetgjerde la fram slikt tilleggspunkt til formannskapetets tilråding:
Kommunestyret ønskjer at arbeidet med rehabiliteringsplan skal halde fram, då som ein eigen plan.

Samrøystes vedtak: som formannskapetets tilråding med tilleggspunkta som fremma av Odd Jostein Drotninghaug (SP) og Arbeidarpartiet.

Vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek Kommunal planstrategi for Sykkylven 2017-2020 i samsvar med vedlegg til saka.

Landbruksplan blir tatt opp igjen i samband med rulleringa av utvida sentrumsplan. Dette for ei betre tilpassing til utvida bustadareal på strekninga Aursneset, Ullavik, Grebstad.

Det blir gjort ei presisering av formulering i planstrategien:
Frå «handlingsplan for LHBT» til «handlingsplan mot diskriminering av LHBT».

Kommunestyret ønskjer at arbeidet med rehabiliteringsplan skal halde fram, då som ein eigen plan.

Kommunestyret ber om ein eigen løypeplan på Fjellsætra for skiløyper og alpintrasear med oppstart innan 2017/2018. Løypeplanen skal vere ein kommunedelplan etter krav i Plan- og bygningslova.